



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Melding om forsøpling på Leknes og oversending til Lindås kommune for behandling

Vi syner til vedlagde e-post med vedlegg frå Sigmund Grønnevik.

E-posten er ei klage over forsøpling i samband med byggeprosjekt på eit område på Leknes i Lindås kommune. Etter det som er opplyst er klagen tidlegare sendt til Lindås kommune.

Vi ber kommunen vurdere om dette er ulovleg avfallshandtering og brot på forureiningslova § 28, og ev. følgje opp saka etter § 37. Kommunen har heimel direkte i forureiningslova for å gjera vedtak i forsøplingssaker og ulovleg lagring av brukte gjenstandar, og kan gje pålegg om å rydde opp i avfall og liknande, eller utføre opprydding og krevje refusjon frå den ansvarlege for kommunens utlegg.

Saksgangen i slike saker vil vere at kommunen tar stilling til klagen og gjer eit vedtak etter forureiningslova om anten å pålegge opprydding eller ikkje. Vedtaket skal vera grunngjeve, og vil vera eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltingslova. Klageinstans i slike saker er Fylkesmannen i Vestland.

Vi viser til www.miljøkommune.no for informasjon om regelverket og korleis kommunen kan gå fram for å følgje opp saka. Fylkesmannen kan også gje rettleiing om regelverket.

Vi ber om tilbakemelding når det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Nina Vadøy
overingeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:



Sigmund Grønnevik Leknesvegen 217 5915 Hjelmås